

Mellombels senking av Mannsvatnet

07.07.2016



Mannsvatnet vert senka i perioden 1. august - 30. oktober

Tverrelva Kraftverk AS har motteke løyve om å senka Mannsvatnet mellombels i perioden 1. august - 30. oktober i år. Bakgrunnen for vedtaket er naudsynt anleggsarbeid i samband med utbygginga i Tverrelva.

For å sikra arbeidet med eksisterande dam må vasstanden senkast til kote 563. Det er ein føresetnad at vassføringa i heile Tverrelva vert sikra med fullt forbislepp i den vedtekne perioden.

Etter 1. november vert vatnet fyllt opp slik det er skildra i oppfyllingskrav frå NVE. Kvinnherad kommune og Fylkesmannen har vore høyringspartar.

Ingen hadde merknader til tiltaket.

Tekst/foto/nett: Kristian Bbringedal